

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Meland kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2184 - 19/5992

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
26.02.2019

## HELSEVERN GODKJENNING AV MARIHØNA BARNEHAGE

Den 20.02.19 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» i Marihøna barnehage. Internkontrollsystemet, inne- og uteareal vart inspisert. Leikeplassutstyr vert kontrollert av «Lekeplasskontrollen».

Styrrar Camilla Smith-Strøm møtte frå verksemda og teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

### ➤ Heimel

**Folkehelseloven, kap. 3** og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

### ➤ Historikk

Marihøna barnehage er lokalisert på Frekhaug i Meland kommune. Barnehagen vart godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» 29.11.2000 for 38 barn over 3 år.

Barnehagen har i eit netto leike- og opphaldsareal på 181 m<sup>2</sup>, som er tilfredsstillande for 45 barn over 3 år. Det har vore utført tilsyn etter forskrifta i 2003, 2007, 2011 og 2014.

### ➤ Tilsyn

På tilsynet var det utført gjennomgang av internkontrollsystemet for miljøretta helsevern i barnehagen, med tilhøyrande prosedyrar og rutinar.

Synfaring av innemiljø og uteområdet vart utført med omsyn på tryggleiken og forskriftas krav.

## Vurdering av areal:

§ 9 i rettleiaren til forskrifta (*«Miljø og helse i barnehagen»*) har sett norm for inneareal. Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år. Uteområdet bør vere ca. 6 gongar større enn inneareal (24 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 33 m<sup>2</sup> for barn under 3 år).

### Inneareal;

Marihøna barnehage består av 2 avdelingar, og har eit netto leike- og opphaldsareal på 181 m<sup>2</sup>, som er tilfredsstillande for 45 barn over 3 år.

Pr. d.d. er det 40 barn i barnehagen, der 27 barn er over 3 år og 13 barn er under 3 år. Til denne barnegruppa treng barnehagen 177 m<sup>2</sup> netto leike- og opphaldsareal.

Marihøna barnehage har tilfredsstillande leike- og opphaldsareal.

### Uteleikearealet;

Barnehagen har ca. 2031 m<sup>2</sup> tomteareal. Med fråtrekk for bygningar har barnehagen ca. 1670 m<sup>2</sup> inngjerda leikeareal. Dagens barnegruppe treng ca. 1077 m<sup>2</sup>.

Marihøna barnehagen har tilfredsstillande uteareal.

### Avvik/merknad:

#### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

## Det vart ikkje avdekt avvik eller merknadar i høve til *«Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»*

### ➤ Oppsummering og vurdering

Ut i frå tidlegare dokumentasjon ser ein at barnehagen har helseverngodkjenning etter *«Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»* for 38 barn (over 3 år), og ikkje for 45 barn (over 3 år).

Det vart i etterkant av tilsynet og i samråd med barnehagefagleg rådgjevar Mette Marei Træland vurdert at helseverngodkjenninga til Marihøna barnehage måtte fornyast, slik at den gjeld for 45 barn over 3 år.

For at barnehagen skal kunne få helseverngodkjenning skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Marihøna barnehage oppfyller vilkåra for godkjenning.

➤ **Vedtak**

**Marihøna barnehage godkjennast med heimel i § 6 i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» for inntil 45 barn over 3 år.**

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

Godkjenning er gitt med bakgrunn i synfaring på barnehagens inne- og uteområde den 20.02.19.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning.

Med helsing

Tord Moltumyr  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Om klage over vedtak:**

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune). Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

**Link:**

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

**Kopi til:**

Marihøna barnehage  
Martin W Kulild  
Mette M. Træland  
Paal Tonning

5918

FREKHAUG